


# ”No skin det sol i høgste Svealiå...”


skreiv diktaren **Hans Hyldbakk** fredsvåren 1945. Han vart over 100 år før han opplevde tusenårsskiftet. Men før det hadde komponisten Henning Sommerro gjort både ”Vårsøg” og andre av dikta hans landskjente og populære. Surnadal Heimbygdlag gav i 1990 ut samlinga ”Vårsøg” med omkring 350 av dikta hans frå 1929 til midt på 1980-talet. Boka kom i to opplag, men det siste var utselt i 2008 (Ny utgåve, sjå nedafor)



Etter at ”Vårsøg” kom ut i 1990, orda Hans frampå om ikkje Heimbygdlaget ville gje ut nokre av prosabøkene hans på nytt. Det vart ikkje noko av medan Hans Hyldbakk levde, men etter mange andre prosjekt kom turen til «Ei haustferd på Nordmøre 1934». Denne reiseskildringa kom først ut som følgjetong i bladet «Heim-Veg». Seinare vart Hans redaktør for bladet, men så kom krigen, og Hans merka fort at hans frie penn ikkje kunne førast under naziveldet, så bladet vart nedlagt. Etter krigen gav han ut forteljingane i bokform i 1951. Boka vart utseld og djupt sakna i mange år til dess Heimbygdlaget gav ho ut på nytt i 2019, illustrert med bilete frå Hyldbakk si eiga etterlatne fotosamling, og med ei liste med ordforklaringar. Omslaget på boka er eit bilete Hans tok av seg sjølv på veg innover frå Stangvika.


Boka er innbunden og har 232 sider

(Før 300 kr) **Pris 200 kr**



Hans Hyldbakk heldt fram med å skrive så å seie til sin døyand dag. I 1998, til 100-årsdagen hans, kom ”Lauvfall” ut med dikt som han ikkje hadde nådd å skrive før 1990.. Boka er på 86 sider (innb.) (Før 75 kr) **Pris 50 kr**

*«No syng han våren. Enno blir det liv.  
Vårherre står her med sitt positiv  
og spelar no til song og gammeldans  
for unge sjeler og for gamle Hans.»...*



Våren 2010 kom


## **Vårsøg – dikt i samling**

ut i ny revidert og illustrert utgåve med ordforklaringar

334 sider, innbunden

(Før 375 kr)

**Pris: 300 kr**



### **Jørgen Gravvold: Ville blomstra**

I 2006 gav Surnadal Heimbygdlag ut ei bok med eit hundretals utvalde dikt, bortimot halvparten med melodiar av dikteren sjølv og av Henning Sommerro og andre nordmørskomponistar (notar med besifring).

192 sider (innb.)

(Før 200 kr)

**Pris 150 kr**



### **«Ord te gagns»**

heiter bestseljaren som vi gav ut hausten 2010. Fram til jul var meir enn 600 av dei 1000 eksemplara utselde.

«ORD TE GAGNS har ikkje berre mange særmerkte ord, men fullt av vendingar og uttrykksmåtar med vanlege bruksord. Kva gjer den som set opp styr eller skordar porkhus når ein sit mellom skål og vegg? Kva gjer den som bit hauet tå skammen eller skyt bjønn og set stuå på taket? Kva er forskjellen på å vêre tu og vera på verda eller vera berre i verden? Dette og mykje meir får du svar på her.»

Dessutan finn du alle gardsnamna, ein del kulturhistorie og litt om grammatikken i surndalsmålet. Ordbokdelen har ca. 6000 oppslagsord. 320 sider.

CD-plate om og på surndalsmål vedlagt. (innb.)

(Før 400 kr)

**Pris: 300 kr**



Surnadal Heimbygdlag skaffar også boka

### **Enno så segla ho Magnill,**


ei samling av viser, rim og regler frå heile Nordmøre, utgjeven av Nordmøre Mållag i 2002. Ei uunnverleg bok for alle som er interessert i tradisjonsstoff, ei gullgruve for foreldre, lærarar, barnehagefolk og andre som arbeider med ungar.

Rikt illustrert og med notar til visene.. 120 sider (innb.)

Med boka følgjer ei cd-plate med song og opplesing av kjente folkemusikktolkarar frå Nordmøre

(Før 200 kr)

**Pris 100 kr**




### **Gjertrud Sylte Storvik: Marit**

Dette er ei sjølvbiografisk forteljing frå oppvekst i Surnadal først på 1900-talet. Personnamna og stadnamna er oppdikta i boka, men opplevingane og minna forteljaren let oss få del i, er ekte og sanne.

Boka kom ut i 1983. Illustrert med teikningar. 75 sider hefta.

**Pris 30 kr**




### **Surnabanen**

Denne boka viser historia om planane for ei forgreining av jarnbanenettet gjennom Orkdalen til Surnadal. Dette prosjektet vart skrinlagt i 1923. Boka har over 60 svart-kvitt fotografi av stader i Surnadal og Rindal frå Glærem til fylkesgrensa, tekne omkring 1920, med tilsvarande fargefoto av dei same stadene i 1996.

79 sider A4-format. Hefta.

**Pris 50 kr**



Surnadal Heimbygdlag har sikra seg restopplaget av den sjølvbiografiske reiseskildringa frå handelsferdene av

### **Hans Hyldbakk: Agent no.184,**

som kom ut på Nidaros Forlag i 1987.

«Når ein er komen så langt uti åra at ein har passert mekvelden og fått hendingane litt på avstand, så ser ein ikkje så alvorleg på mangt som hadde større betydning den gongen dei passerte. Difor har eg valt å fortelle om dei meir humoristiske sider i samværet med livet.» seier Hans i forordet.

103 sider, innbunden.

**Pris 50 kr**






Han Lars Smed og Gerda og Ola Movolla er ikkje blant oss lenger. Men lærdommen dei formidla til elevvar på Mo-skulen på markaslått og markakjøring oppi Damslittet i 1980-81, den er det no råd å oppleva på ein DVD som lærar Oddvar Moen har gjeve ut i samarbeid med Surnadal Heimbygdlag. I tillegg til forteljinga du kan høre på plata, er det vedlagt eit teksthefte

**Oddvar Moen: MARKASLÅTT** Utgjeve av Surnadal Heimbygdlag 2018.

DVD-plate og teksthefte (Før 200 kr) **Pris 100 kr**



**Randi og Sverre Hatle: Å vera her**

er ei samling dikt og viser, som spenner frå kvardagsvers og lyriske dikt, rakkelters og samfunnskritiske tekster, til salmar. Melodi med notar til nokre av dikta. Boka er illustrert med fargefoto av tekstilbilete og måleri som Randi Skrøvset Hatle har laga.

128 sider. Hefta utg. 2011 utselt  
Ny utgåve, innbunden 2022

(Før 200 kr) **Pris 150 kr**



**Styrkår Brørs: Heittgjort**

Revy- og teaterminne frå Surnadal Bygdeungdomslag og Svarrabærje Teaterlag 1965 – 2020. Boka er skriven av ein som var drivkrafta i det lokale teatermiljøet i meir enn eit halvt hundreår. Utgjeven i samband med jubileumsoppsettinga «Heittgjort på stusse» på Surnadal Kulturhus i november 2021. Rikt illustrert. Mange klipp av revytekster gjennom åra.

264 sider, innbunden. (Før 450 kr) **Pris 300 kr**



**Surnadal Heimbygdlag**

Sverre Hatle, Gulla, Nordsida 829, 6650 Surnadal

tlf 48248913 [sverre.hatle@gmail.com](mailto:sverre.hatle@gmail.com)

Bankkonto: 4040.55.24637